



Nils Gullak Kvalvågnes  
Kvalvågnesvegen 682  
5956 HUNDEVIN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/2065 - 23/9004

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
24.04.2023

## Løyve til bygging av landbruksveg på Gbnr 84/4 Kvalvågneset i Alver

**Administrativt vedtak: Saknr: 423/23**

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Nils G. Kvalvågnes løyve til å byggje omsøkte landbruksveg og etablere føringsplass i tilknytning til denne.

### Det vert sett følgjande vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Under arbeidet må ein så langt råd er, søkje å unngå skade/inngrep på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, gamle vegar/stiar, tufter, bakkemurar og liknande.
- Vegen skal byggjast i samsvar med søknaden av 02.03.2022. Avvik i samsvar med søknaden kan førekome.
- Privatrettslege tilhøve, mellom anna i høve bruk av p-plass og føringsplass er ikkje vurdert av kommunen.
- Vedtaket er gyldig til 30.04.2026. Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. forskrift
- Veganlegget og føringsplassen må vere ferdig innan 30.04.2027.
- Driftevegen kan godkjennast som vegklasse 8 – enkel traktorveg.

### Saka gjeld

Nils G. Kvalvågnes søkjer om å få byggje ein landbruks-/drifteveg på om lag 30 m. Vegen skal gå frå ein alt opparbeidd veg og bort mot p-plass for hytter. I tilknytning til veganlegget skal det opparbeidast ein føringsplass for ungdyr.

Heile veganlegget ligg på gnr. 84, bnr. og det søkt om vegklasse 6 – vinterbilvei.

## VURDERING:

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Føremålet med vegen er drift av beitande dyr fram til fôringsplass. På fôringsplassen kan dyra òg hentast av dyrebil og det skal kunne køyrast med lastebil for levering av rundballar med meir. Kommunen ser på fôringsplassen som ein del av veganlegget.

Kvalvågnes har fram til no leigd fôringsplass på nabobruk (sjå fig. 1), men avtalen med dette bruket er no sagt opp.




Fig. 1. Syner kvar vegen og fôringsplassen er tenkt plassert. Den syner òg noverande fôringsplass (2022).



Fig. 1. Vegen skal byggjast om lag der den stripla lina går.



Fig. 2. ...og kome ned i dette området der p-plassen til fritidsbustadane.



Fig. 3. Vegen skal kome inn frå venstre og føringsplassen vert liggjande frå om lag der hengaren er plassert og mot venstre i biletet.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er lagt særleg vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søkje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tuffer med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stogkast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

I samband med søk etter kulturminne via gardskartet har ikkje kommunen funne noko i området, men gnr. 84, bnr. 4 ligg innanfor «Den Indre Farleia».

Statsforvaltaren har ikkje kome med attendemelding i saka. Det same gjeld Alver kommune, kultur.

Det tykkjast vere fornuftig med vegklasse 6, som det er søkt om, fram til fôringsplassen, men etter vårt syn kan ein drifteveg for dyr vere enklare – altså vegklasse 8 enkel traktorveg.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-var» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen saman med fôringsplassen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper. Den gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Privatrettslege tilhøve.

Kommunen har oppfatta at det er ein del ulike syn på bruk av p-plassen mellom dei ulike oppsitjarane i området. Slike ulike interesser er av privatrettsleg karakter og kommunen kan difor ikkje ta stilling til dei. Om det tykkjast naudsynt, rår vi til at jordskiftedomstolsemettet vert kontakta for å eventuelt finne ei løysing i høve desse spørsmåla. Vi vil likevel presisere at kombinasjonen fôringsplass for dyr og p-plass for fritidseigedomane kan gje motstridande interesser. Under synfaring i desember 2022 vart dette drøfta og alternative stader for fôring vart vurdert. Ein viktig årsak til å leggje fôringsplassen nett her, er at det alt er gjort investeringar i infrastruktur fram til området.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Fôringsplassen vil liggje attmed p-plass til nokre hytter i området.

### **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/2065»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Nils Gullak Kvalvågnes

Kvalvågnesvegen 682

5956

HUNDVIN